

Rettleiing - klagebehandling ved klage på vedtak om ikkje å fastsette standpunktakarakter i fag

Elevar og føresette til elevar under 18 år har rett til å klage på standpunktakarakter i fag, jf. opplæringsforskrifta [§ 10-5](#) og privatskoleforskrifta [§ 7-5](#), dersom dei meiner at gjeldande reglar for fastsetting av standpunktakarakter, jf. opplæringsforskrifta [§ 9-16](#) og privatskoleforskrifta [§ 6-16](#), ikkje er følgt. Skolen må gi elevar og føresette informasjon om klageretten. Sjå Statsforvaltaren sin informasjon til elev/føresett **her** (lenka).

Kva må skolen gjere når dei har mottatt klage?

Skolen må først vurdere om klagen skal takast til behandling. [Klagefristen](#) er 10 kalenderdagar. Merk at elevar under 15 år ikkje har [sjuolvråderett](#), dvs. at føresette må skrive under på klagen. Dersom klagen blir avvist, skal skolen fatte vedtak om det. Det er klageåtgang på et avisingsvedtak.

Dersom skolen er samd i klagan og etter ny vurdering sett opp karakteren, må skolen fatte nytt vedtak. Vedtaket skal grunngjevest og eleven får ny rett til å klage. Saker som blir avvist eller saker skolen er samd i, skal **ikkje** sendast til Statsforvaltaren. [Hva er nytt i reglene om klage på sluttvurdering? | udir.no](#).

Skolen må oversende saken til Statsforvaltaren dersom karakteren ikkje blir endra til gunst for eleven.

Kva må skolen sende til Statsforvaltaren?

Sjå merknadane til [§ 10-5 Klage på vedtak om ikkje å fastsetje standpunktakarakter i fag | udir.no](#) og merknadane til [§ 7-5 Klage på vedtak om ikkje å fastsetje standpunktakarakter i fag | udir.no](#) for ytterlegare informasjon om punkta under.

1. **Klagen**
2. **Ei grunngjeving** for at det ikkje er fastsett standpunktakarakter
 - a. dersom overskriden fråværsgrense må fråvær og fråværsgrense oppgis.
 - b. dersom manglande vurderingsgrunnlag må det visast til eleven sin kompetanse opp mot kompetansemåla og kva for kompetansemål faglærar ikkje har vurderingsgrunnlag i, og kvifor.
3. **Ein uttale om skolen si saksbehandling** der skolen bekreftar at faglærar si grunngjeving oppfyller krava i regelverket. Den må vise til at eleven har blitt gjort kjent med kva som blir veklagt i vurderinga, og kva som kan føre til at det ikkje gis standpunktakarakter i fag. Skolen skal også vise til når varselet blei gitt.
4. **Kopi av varsel** etter opplæringsforskrifta [§ 9-7](#) og privatskoleforskrifta [§ 6-7](#).
5. Ev. annan relevant informasjon

Sakspapira sendes til Statsforvaltaren via vårt [elektroniske skjema](#).

- Skolen skal sende kopi av saksdokumenta til klagar.

- Det er svært viktig at skolen gir rett informasjon og adresse til klagar i oversendinga til Statsforvaltaren.

Korleis behandlar Statsforvaltaren klagen?

Statsforvaltaren skal vurdere om skolens vedtak om ikkje å fastsette standpunktcharakter er i tråd med reglane i opplæringsforskrifta [§§ 9-16](#) og [9-8](#) eller privatskoleforskrifta [§§ 6-16](#) og [6-8](#) om fastsetting av standpunktcharakter i fag, og [reglane om fråvær](#) for vidaregåande skole og reglane om varsling, jf. Opplæringsforskrifta [§ 9-7](#) og privatskoleforskrifta [§ 6-7](#).

Resultatet frå klagebehandlinga kan vere at Statsforvaltaren enten stadfestar skolens vedtak, eller opphevar vedtaket. I saker der vi opphevar vedtaket, sendes saken tilbake til skolen for ny behandling. Skolen kan enten fastsette ein karakter eller oppretthalde vedtak om ikkje å gi standpunktcharakter. Dersom skolen fastsett ein karakter i den nye behandlinga, utløyser dette fornya klageåtgang. Det same gjeld dersom eit nytt vedtak om IV blir fatta på eit anna grunnlag enn det opphavlege vedtaket. Dersom eleven ikkje er varsla i tråd med opplæringsforskrifta [§ 9-7](#) og privatskoleforskrifta [§ 6-7](#), skal det settast ein karakter for eleven.

Statsforvaltaren kan avvise klagen dersom klagefristen ikkje er overholden eller reglane i forvaltningslova ikkje er oppfylt.